



MØTEBOK

Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 07.01.2021

Klokka 09.00 – 12.00

Stad: Nettmøte

Til stades:

Eidfjord kommune:	Ordfører Anders Vatlle
Kvam herad:	Ordfører Torgeir Næss - rådsordfører
Ulvik herad:	Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen
Rådmannsforum	Rådmann Anita Hesthamar
Hardangerrådet iks:	Styreleiar Toralv Mikkelsen fram til kl 1000
Administrasjonen:	Dagleg leiar Jostein Eitrheim og konsulent Trude Rinaldo

Ikkje møtt:

Ullensvang kommune:	Ordfører Roald Aga Haug - rådsvaraordfører
---------------------	--

Agenda:

09.00 - 11.30 Sakshandsaming

Innkalling og sakliste vart godkjent.

Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:

Anders Vatlle og Hans Petter Thorbjørnsen

Saker til handsaming i Regionrådet:

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

HR-sak 01/21 Meldingar

Ingen meldingar utsendt.

HR-sak 02/21 Hardingtinget 2021 - 18. februar 2021

Eit viktig mål med Hardangerrådet er å gje enkeltkommunar ei sterkare stemma inn mot myndigheiter i stat og fylke. Då må me verta gode på effektive påverknadsformer. Hardingtinget skal vera til inspirasjon for formannskapa og kommuneleiing og føra til konkret arbeid. Eit forslag kan vera at Hardingtinget og Hardangerkonferansen tek opp samanfallande tema.

Aktuelle tema:

- Kraft og samferdsle.
- Korleis effektivt påvirka politisk for å oppnå resultat.
- Hardanger som heilårs reiselivsdestinasjon. Besøksforvaltning.
- Interkommunalt samarbeid med fokus på berekraft, klima og energi.

Vedtak:

Hardingtinget vert utsett til september 2021. Dato i september vert å koma tilbake til.

**HR-sak 03/21 Søknad om støtte.
Gründerakademiet - etablerarkurs for Hardanger
Søkjar: Næringshagen i Hardanger**

Vedtak:

Hardangerrådet støttar Gründerakademiet med kr 50.000. Løyvinga føreset fullfinansiering av prosjektet. Beløpet vert dekkja gjennom "Restmidlar regionalt næringsfond".

HR-sak 04/21 Regional Transportplan 2022-2033

Førebuing til innspelsmøte

Forslag til innspel:

- Rassikring er eit hovudbudskap. Bruk av og prioritering etter SVV sin skredfaktor er eit viktig prinsipp å spela inn.
- Ta utg.pkt i folketalsutviklinga og beskriva kor viktig samferdsel er for distrikta, både som internt samband, men også for å binda regionane saman.
- Våre vegar er viktige omkjøringsvegar og "mate" vegar til store samband som E134, E16 og RV7.
- Finansiering: Bompengar bør avvisast i rassikringsprosjekt.
- Planoppbygging: Prinsipp for arbeid med plan.
- Krav om kommunal medfinansiering på 50% skapar A og B kommunar. (og ein snik i køen som tidlegare med forskottering av prosjekt)

Vedtak:

Dagleg leiar og rådsordførar formulerar snarleg utkast som utgangspunkt for felles innspel frå Hardangerkommunane til innspelsmøte som VLFK har invitert til i byrjinga av februar. HR tek sikte på å delta 03.02.2021 i Leirvik.

Plan for utarbeiding av Samferdsleplan for Hardanger 2022 - 2027

Dokumentet skal innehalda hovudpunkt.

Må bestemmas kor stort dette dokumentet skal vera, og prioritering blir viktig.

Forslag til utkast må koma snarleg. Dagleg leiar og rådsordførar førebur.

Hardangerrådet inviterar Vestland fylkeskommune til RTP- møte torsdag 18.02.2021.

Hardangerrådet inviterar saksordførar for RTP og andre representantar frå VLFK til eige møte om arbeid med RTP den 18.02.2021. Møtet vert fysisk om mogleg, ellers digitalt.

HR-sak 05/21 Endring av møteplan 2021 for Hardangerrådet

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek endra møteplan 2021 i samsvar med framlagt forslag.

HR-sak 06/21 Hardanger og Voss Ungdomsråd - medlemskommunar

Rådet drøfta habilitet for Hans Petter Thorbjørnsen. Etter drøfting vart Thorbjørnsen samrøystes kjend habil i saka.

Vedtak:

Hardangerrådet støttar framlegg frå HU og godkjenner alternativ 3 med tilhøyrande endringar av vedtekter. Kommunar som ikkje er medlem i Hardangerrådet betaler kr 10.000 pr. år for deltaking i Hardanger og Voss Ungdomsråd.

HR-sak 07/21 Orientering om viktige saker i kvar kommune, Vestland fylkeskommune og i Stortinget til oppfølging i Hardangerrådet. Orientering ved kvar ordførar**Eidfjord kommune**

Ny runde med uttale vedr. Tingretten

Ulvik herad

Produksjonsskulen består no, men har ikkje fått statsstøtte. Skulen må kjempa vidare og vil trenga støtteuttalar, som Ulvik herad vil be om frå Hardangerrådet når dei treng det. Ulvik har ei gamal klagesak i Hardanger Energi om konsesjon for Tysso kraft. Den vil dei løfta fram.

Kvam herad

Dei kan melda om reduksjon av bompengar i Kvammapakken. Det er viktig for mange, også kommunen.

Når det gjeld Tokagjelet er dei invitert til møte med VLFK der samferdselsministeren også kjem.

HR-sak 08/21 Orienterings- og drøftingssaker innmeldte ved starten av møtet**• Etablering av batterifabrikk**

Forespørsel om det i Hardanger finst areal på 400 daa med oppjustering til 1000 daa, og mogleg 2000 arbeidsplassar.

Dette er svært stort, og for stort for Hardanger. Hardanger vil undersøkje og gje opplysningar til IN Bergen om våre moglegheiter/begrensingar.

Ellers er det viktig at me som region finn areal om me vil bruka krafta der den vert produsert. Me bør også ha fokus på gode og raske nok planprosessar.

• Transportanalyse

Vedlegg: Brev frå Ullensvang Reiseliv

Vedtak:

Hardangerrådet vedtek å støtta dette prosjektet med kr 25.000, som gjeld for alle kommunane i Hardanger og Hardangerrådet/Fjordvegen. Løyvinga føreset fullfinansiering av prosjektet. Løyvinga føreset også at IS Fjordvegen Rute 13 får rett til å nytta rapporten i sitt arbeid inn mot NTP 2022-2033.

Beløpet vert dekkja gjennom "Restmidlar regionalt næringsfond".

- **Uttale om kompensasjonsmidlar for koronautgifter.**

Staten har sagt at dei skal dekke utgifter i forbindelse med pandemien, men kompensasjonen dekkjer berre små prosentar av dei faktiske utgiftene. Her er både utgifter og inntektsbortfall.

Hardangerrådet lagar fellessak om uttale om denne saka til neste rådsmøte.

- **Industriell utnytting av krafta der den vert produsert**

Hardangerrådet tek kontakt med Sogn regionråd for utarbeiding av ein fellesuttale til VLFK om industriell utnytting av krafta der den vert produsert.

Møteboka godkjent 07.01.2021

Torgeir Næss
Rådsordførar

Anders Vatile
Rådsmedlem

Hans Petter Thorbjørnsen
Rådsmedlem